

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Tyresdal.

Emne: Måltider og mat

Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stoltenberg

Gard:

(adresse): Tyresdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anðres Berge f 1875. på Berge(plass) i Haugstrand, lærar og senare leisemann.
Lær Berge f 1885 på li i Ligrøn Jorðmor.

SVAR

1 - 32.

I gamal tid vår det fem mål, åbit kl. 5 - 6,
 dugurd kl. 9, middag kl. 12, økt (ökterdag) kl. 4 - 5
 og kvelsvord kl. 7 - 8. I gamal tid var det ikkje skil-
 på matmåla somar og vinter. Enno er det sume gardar,
 der dei held ved dei gamle måltidene. Og i travle tider
 har dei fleste enno fem mål. Elles er det no mest vanleg
 med fire mål, ein börjar dagen seinare og sløyfar dugurden.

4.

Ukjendt her.

5.

Dugurd og middag var hovudmål.

6.

Det var graut minst tre gonger om dagen og til minst
 eit mål skulle grauten vera nykoka og varm, varm kjöt-
 eller fiskerett var det berre til middag.

7, 8 og 11.

Om söndagen var det kjötlog spa (kjötsuppe) til
 middag. Elles er det ukjendt her med nokon fast matskikk.
 Ein kan difor ikkje setta opp nokon matsett til ei vike,
 korkje for gamal eller ny tid.

9.

Ingen fast skikk.

7631

10.

Braud (flatbröd) var det til alle mål når det ikkje var graut.

12.

Til ut i 90åra var det ikkje mange som hadde jord-
eple (poteter) for meir enn for halve året. No er jord-
eple sers viktig i kosten for alle. Ein nyttar langt meire
grønsaker enn før. Ein har lert seg til å hermetisera,
og ein et i det heile mykje meire fersk mat enn før. Mykje
av maten kjøper ein nå på krambua t. d. fersk fisk. Det
er snart ikkje nokon skilnad på matskikken i Fyresdal og
det vanlege i byene.

13.

Kjöt og spa var helgedagsmat. Feitegraut höyrde til ved större fester.

14.

I gamal tid var det ingen som åt höner eller kjuklinger. Her vart fanga store mengder av fugl og hare, men det var ikkje mange bygdefolk som ville ete det. Sopp er det mest ingen som et den dag i dag.

15.

Under andre storkrigen måtte ein vera forutan mykje av det ein hadde vandt seg til å få kjøpe. Men det ser ikkje ut som dette har hat varige fylgjer.